

Storslått og spirituelt

Arna Kyrkjes Kammerkor feira femårsdagen sin med negro spirituals og **New Orleans-jazz** av godt gammalt merke. Med over 80 songarar og musikarar vart dei ei storslått oppleving for dei frammøtte.

Og dei var det mange av. Kyrkja var full av arnabuar, paraplyar og forventningar, og ei vakkert kyrkje med levande lys laga ei fin ramme rundt konserten. Eit konsertprogram med to kor, eit brassband og eit New Orleans orkester kunne blitt ein lang affære, men heldigvis var programmet galant sydd saman med mange fellesnummer og små solobolkar frå dei ulike aktørane. Konserten varte i ein og ein halv time, noko som var akkurat passeleg.

LOUISIANA WASHBOARD FIVE er eit ekte New Orleans-band med tuba, trommer, piano, banjo og sax/klarinet. Denne kvelden fungerte dei i tillegg som eit slags husorkester. Den framifrå pianisten Eivind Austad akkompagnerte også nokre songar åleine, og hadde nok den travlaste kvelden. Austad er ein av dei mest spennande jazzpianistane på Vestlandet, og fekk vist at han også er på heimebane i gospelverda.

New Orleans-bandet hadde heile tida fin dynamikk i det store og krevjande formatet. 20 års erfaring gjorde at dei peiste på når det var tid og rom for det,



STORSLÅTT: Over 80 songarar og musikarar var med og feira Arna Kyrkjes Kammerkor sitt femårsjubileum i Arna kyrkje.

og gav god plass til kor og solistar når det krevdest. I tillegg hadde bandet solonummer der dei fekk vist seg fram.

Saksofonist Steinar Sætre fekk også brukt seg på andre måtar. I tillegg til blåsing i jazzbandet dirigerte han felleskoret og Tert-

nes Brass, og stod òg for arrangementa på mange av songane. Han og Trine Daviknes delte på dirigentjobben gjennom konserten, og dei verka å ha full styring på heile kobbelet. I det heile tatt var det ein velregissert og disiplinert konsert, noko som gjerne er påkrevd med så mange aktørar i aksjon. Det er mange kroppar som skal ha same rytmeimpuls, og mange øy- rer som skal finna same tonen, og det var imponerende at fellesnummera var så reine og rytmisk stødige som dei var. Berre på «Joshua Fit the Battle» braut logistikken saman, og dei måtte byrja på nytt.

FRÅ STÅPLASS PÅ GALLERIET trudde Bn at konserten byrja med ein svevande lyd frå eit keyboard, men måtte blinka to gonger då me såg det var brassbandet som spelte og la dei mjuke fløyelsakkordane mellom kyrkjebenkane. Tertnes Brass var faktisk dei som overraska mest denne kvelden. Dei har ein fantastisk mjuk klang i instrumenta sine, og viste verkeleg at dei ligg i noregstoppen som brassband. Eit høgdepunkt var den lange introen til «Come By Here Lord» der brassbandet og solist Eivind Austad skapte spennande og nydelege klanger saman.

Visst var det flinke gjestar og vener, men Arna Kyrkjes Kammerkor var trass alt jubilanten. Dei trengte kanskje ein song og to for å bli kvitt dei verste bursdagsnervene, men korpartia

klang godt. Spesielt «Oh, Give Me That Old Time Religion», som kammerkoret song a capella, viste eit kor med flott klang og innstudert frasering. I våre dagar med mikrofonar på kora kan me høyra det minste innpust. Me høyrer det feile litt betre, men det verkeleg vakre kjem også betre fram. Og jubilanten har ingenting å skamma seg over. Kammerkoret song presist og reint, og når lyden var så bra som den var for oss oppe på galleriet, kan dei ikkje ha mykje å klaga på dei som sat på benkane nedunder.

Konserten hadde mange flotte augneblinker. Som «Total Praise» der tenorane verkeleg fekk vist seg fram på slutten, Alis Rong sin flotte versjon av «Come Sunday» og humørspreiarane frå Uganda, som fekk lært frå seg eit og anna dansetrinn til haustkalde vestlendingar. Med publikumsvinnarar som «Just A Closer Walk» og «Oh' when the Saints» gjekk konserten inn for landing, og høgdepunktet kom når det skulle – ved vegs ende. «Amazing Grace», nasjonalsongen til alle som er glad i negro spirituals vart framført som ein – ja, nasjonal- song, og ståpelsen var ikkje til å unngå. Det blei ståande applaus, ekstranummer, klemmar og slikt som høyres med når ein femåring har hatt ein riktig, riktig god bursdag.

LARS SVEINUNG LID
(tekst og foto)
bn@bygdanytt.no

” Det blei stå-
ande applaus,
ekstranummer,
klemmar og
slikt som høy-
rer med når ein
femåring har
hatt ein riktig,
riktig god burs-
dag.